

**Klatreveggen**

10.09.2010

**Det har før i dag vore spørsmål på nettsida om Klatreveggen i Aktivitetshuset.  
Her kjem svar frå leiaren, Bjørn Olav Tveit:**

Klatreveggen opnar i starten av oktober. Opningstidene vil vere om lag som dei var i vinter. Aktivitetshuset deltek førebels ikkje i klatreforbundet si bratt-kort-ordning. Vi vil vurdere om folk med bratt-kort kan få tilgang til veggen utanom opningstidene. Inntil dette er avgjort må all klatring føregå i opningstidene. Vi leiger ut selar, karabinar og taubremsar. For brukarar med årskort går utstyrsleiga inn i årskortprisen. For andre kostar det ein symbolsk sum å leige utstyr.

Bjørn Olav